

Velkomen til

Stavenesvegen 220, 6984 Stongfjorden

EiendomsMegler 1

Innhaldsliste

Nøkkelinformasjon	6
Informasjon om eigedomen	7
Planteikning	26
Nabolagsprofil	28
Tilstandsrapport	31
Egenerklæring	69
Tilbehør og løsøre	97
Help boligkjøperforsikring	99
Forbrukerinformasjon om budgiving	102
Budskjema	103

Velkomen til

Stavenesvegen 220,
6984 Stongfjorden

Einebustad med flott fjordutsikt | 4 soverom & 2 stover | Garasje & uthus | Fint opparbeidd tomt |

Velkomen til Stavenesvegen 220! Frittliggjande einebustad over to plan med sørvendt tomt, garasje og uthus.

Eigedomen ligg i eit sørvendt terreng ved Stongfjorden i Askvoll kommune, og har ei planert tomt og fint opparbeidd uteområde. Hovudetasjen inneheld ei romsleg stove med utgang til altan, kjøkken med profilerte heltrefrontar, soverom, bad og separat vaskerom. I loftsetasjen finn du ei ekstra stove med utgang til eigen balkong, fleire soverom og eit bad. På eigedomen er det også ein romsleg garasje og eit uthus med rikeleg lagringsplass.

Bustaden ligg usjenert til og har flott utsikt til fjorden mot sør og øst.

Velkommen til visning!



Les salsoppgåva nøye

Som meklar møter eg heile tida menneske på jakt etter draumebustaden. Sidan kjøp av bustad er ein av dei viktigaste investeringane du gjer i livet, har eg full forståing for at det kan vere ein krevjande prosess. Det er mykje informasjon ein skal setje seg inn i, og mange spørsmål som dukker opp undervegs. Hovudmålet med denne salsoppgåva er nettopp å gi deg all informasjon du treng, slik at du har det beste grunnlaget til å bestemme deg for om du ønskjer å bli med i bodrunden eller ikkje.

Eg tilrår deg å lese nøye gjennom salsoppgåva, slik at du er best muleg budd til vising. Uansett kva spørsmål du har er det berre å ta kontakt med meg.

Lykke til!



Christoffer Sæle Merkesvik
Eigedomsmeklar MNEF
906 13 338
Christoffer@em1sf.no

Nøkkelinformasjon

Prisantyding	kr	1 700 000
Kostnader	kr	57 550
Totalpris inkl. kostnader	kr	1 757 550

BRA Total/BRA-i	260/151 m²
Antal soverom	4
Eigedomtype	Einebustad
Eigarform	Eigd
Tomtetype	Eigd
Byggeår	1996
Energimerking	



Informasjon om eigedomen

Bustaden

Adresse
Stavenesvegen 220, 6984 STONGFJORDEN

Registernemning
Gnr 10, bnr 21, i Askvoll kommune.

Eigedomtype
Einebustad

Byggeår
1996

Tilkomst
Adkomst til eigedomen via privat gruslagt veg over hovudbruket.

Plassering
Eigedomen ligg fritt og landleg til langs Stavenesvegen, om lag 2,5 kilometer vest for Stongfjorden sentrum i Askvoll kommune. Frå bustadhuset og tomta har du eit ope og fint utsyn over fjorden og det omkringliggjande landskapet. Nærområdet er prega av bustadhus, fritidseigedomar og opne landbruksareal, noko som gjev ei roleg og uforstyrra ramme rundt kvardagen.

I Stongfjorden finn du eit triveleg bygdemiljø med mellom anna grendahus, kapell, Sunnfjord Geo Center, tennisbane og ei småbåthamn i regi av det lokale småbåtlaget. For barnefamiliar ligg barnehagar og skuletilbod ein køyretur unna. Askvoll skule og Gjelsvik skule dekkjer 1. til 10. trinn, i tillegg til Holmedal Montessoriskule. Både Holmedal og Gjelsvik har gode barnehagetilbod. Kollektivtilbodet er tilgjengeleg via bussrute frå Stongfjorden kryss, ein kort køyretur frå bustaden.

Friluftsmoglegheitene i distriktet er mangfaldige heile året, både til lands og til vatns. Du har tilgang til flotte turstiar i nærområdet, som Stongsåsen og den historiske Industriminneløypa i Stongfjorden, medan kystlandskapet ut mot Staveneset byr på rikelege naturopplevingar. Fjorden opnar likeins for eit aktivt båtliv og fine fisketilhøve. Kvardagshandelen gjer du enkelt med ein køyretur på om lag eit kvarter til daglegvarebutikkane i Askvoll, og Førde lufthamn på Bringeland når du på om lag tre kvarter med bil.

Innhald
Einebustad går over to plan med følgjande innhald:
1. etasje: Vindfang, gang, bad, stove, soverom, kjøkken og vaskerom.
Loft: Stove, tre soverom, bod og bad.

Eigedommen har ein altan/terrasse på 62 m² ut frå 1. etasje, og ein altan på 7 m² på loft. Einebustaden disponerer også ei utvendig bod på 13 m². På eigedommen er det i tillegg eit frittståande uthus med ei bod på 17 m², samt ein garasje over to plan. 1. etasje i garasjen inneheld garasjerom, arbeidsrom og bod, medan loftet er innreidd med gang og to soverom.

Det er avvik mellom godkjende bygningsteikningar for både einebustaden og garasjen, og dagens planløysing. For einebustaden er eit tilbygg på nordsida av 1. etasje (som inneheld vindfang og del av soverom) opplyst å ikkje vere omsøkt, og teikningane syner ikkje soverom i denne etasjen. For garasjen er loftet innreidd med gang og to soverom. Dette avvik frå dei godkjende teikningane datert 01.09.2004, der loftet ikkje er utforma eller godkjent for varig

opphald. Å innreie eller etablere rom for varig opphald i areal som ikkje er godkjent for dette, er normalt søknadspliktige tiltak. Seljar påtek seg ikkje ansvar for å byggjemelde eller få godkjent omgjeringa i ettertid. Frå kommunen kan det kome reaksjonar overfor eigar, til dømes krav om tilbakeføring, krav om omsøking, ilegging av overtredingsgebyr m.m. Kommunen kan krevje at gjeldande forskrifter og regelverk blir lagt til grunn ved eventuell omsøking. Dette kan mellom anna innebere krav til takhøgd, lysflate, ventilasjon, rømningsveg, brannsikring, storleik på uteareal, tal på parkeringsplassar mv. Uavhengig av kva reaksjonsform kommunen måtte nytte, er dette kjøpar sitt ansvar og risiko.

Vi gjer merksam på at talet på soverom som er angitt i salsoppgåva, er etter Forbrukartilsynet sine retningslinjer, og inkluderer berre soverom som er godkjende til varig opphald. Romma som er opplista ovanfor, er angitt av bygningssakkyndig i tilstandsrapporten og følgjer takstbransjen sine retningslinjer, der den faktiske bruken av rommet på marknadsføringstidspunktet er avgjerande. Bruken av rommet som er opplyst i tilstandsrapporten, kan likevel vere i strid med byggetekniske forskrifter og/eller manglande godkjenning, bruksendringar til rom for varig opphald m.m.

Dei oppgitte romma er definerte av bygningssakkyndig i samsvar med vedlagd rapport, basert på dagens faktiske bruk, uavhengig av kva som er godkjent av bygningsstyresmaktene.

Standard
Frittliggjande einebustad over to plan med tilhøyrande garasje, uthus og romslege uteområde. Bustaden vart oppført i 1996 og har ei praktisk planløysing fordelt over to etasjar. Innvendige overflater vart i stor grad fornya omkring 2003, og det er i seinare tid installert luft-til-luft-varmepumpe. Eigedomen har utgang til altan frå begge plan og gode oppbevaringsmoglegheiter i frittståande sekundærbygg.

Vindfang og gang:
Inngangspartiet leier inn i eit vindfang med flislagt golv, før ein kjem vidare inn i gangen som knyter saman romma i første etasje. Herfrå går det trapp i trevirke opp til loftsetasjen.

Stove:
Stua har parkett på golvet og panelkledde veggar. Rommet er utstyrt med ein lukka peisinnsats samt ei luft-til-luft-varmepumpe montert i 2022. Frå stua er det direkte utgang til altanen i trevirke, og rommet har open overgang mot kjøkkenet.

Kjøkken:
Kjøkkenet har innreiing med over- og underskåp med profilerte frontar i heltre og benkeplate av laminat med nedfelt vask og platetopp. Veggen over benkeplata er kledd med våtromsplater, og over kokesona er det montert ei avtrekksvifte med avtrekk ført ut gjennom yttervegg. Under benkeplata er det plassert steikeomn og oppvaskmaskin, og i veggseksjonen er det etablert to kjøleskåp. Rommet har god plass til spisebord og ligg i open tilknyting til stua.

Bad 1. etasje:
Badet i første etasje har eit oppgraderingsbehov. Rommet er innreidd med flislagt golv og baderomsplater på veggane frå omkring 2003. Utstyret omfattar vegghengt baderomsinnreiing med vask, golvmontert toalett og dusjkabinett i hjørnet.

Vaskerom:
Vaskerommet har eit oppgraderingsbehov. Rommet har flislagt golv med sluk og måla trefiberplater på veggane. Innreiinga består av over- og underskåp samt benkeplate av laminat med nedfelt utslagsvask i stål og veggmontert blandebatteri. Det er opplegg for vaskemaskin, og ein varmtvannstank på ca. 200 liter frå ca. 2015 er innebygd i kasse. Rommet har i tillegg ytterdør i trevirke med direkte utgang.

Soverom 1. etasje:
Soverommet ligg i første etasje med tilkomst frå gangen. Rommet har parkett på golvet og måla plater på veggane, med plass til seng og garderobeløysing.

Stove loft:
Loftstova utgjer eit lyst opphaldsrom i andre etasje med skråtak og kvitmåla panel på overflatene. Rommet har laminat på golvet og direkte utgang til altanen i trevirke.

Bad loft:
Badet på loftet har eit oppgraderingsbehov. Rommet er utført med flislagte overflater på både golv og veggar, og er utstyrt med baderomsinnreiing med vask, golvmontert toalett og badekar. Rommet er ventilert med avtrekksvifte i yttervegg.

Soverom loft:
Loftsetasjen har tre soverom under skråtaket, alle med laminat på golv og måla panel på vegger og himling. Romma har plass til seng og oppbevaring, samt tilkomst til kott i knevegg.

Overflater:
Golv: Parkett, laminat, golvbelegg og fliser.
Veggar: Panel, måla og tapetserte trefiberplater.
Himling: Måla trefiberplater.

Lagring:
Lagringsplass i hovudbygningen omfattar ei innvendig bod på loft og ei ekstern bod på 13 m² i første etasje. På eigedomen er det oppført eit frittståande uthus på 17 m² frå 2021 med støpt golv og saltak. I tillegg er det ein frittståande garasje på 79 m² frå 2006 med garasjerom, arbeidsrom og bod i første etasje, samt innreidd loftsetasje.

Omsetning av brukt eigedom
Ein brukt eigedom vil som regel ikkje vere i same stand som om den var ny. Tekniske krav, type bustad, teknikk og skikkar endrar seg over tid. Bruksslitasje og ytre forhold kan gjere at tilstanden blir dårlegare etter kvart, sjølv om det ikkje er synleg. Kjøparar kan ha mindre forventningar til eldre bustader enn nye, og det kan vere skadar eller feil som ikkje er beskrive, men som seljar likevel ikkje kan haldast ansvarleg for. Normal bruksslitasje er ikkje ein mangel, og det er ikkje sikkert at det som opplevast som ein feil ved ein eigedom er ein mangel i rettsleg forstand. Det er difor viktig å setje seg grundig inn i tilstanden på den eigedomen ein vil kjøpe.

Areal
BRA - i: 151 m²
BRA - e: 109 m²
BRA totalt: 260 m²
TBA: 69 m²

Einebustad
Bruksareal fordelt på etasje
1. etasje
BRA-i: 91 m² Vindfang, gang, bad, stove, soverom, kjøkken, vaskerom
BRA-e: 13 m² Bod

2. etasje
BRA-i: 60 m² Stove, tre soverom, bod, bad

TBA fordelt på etasje
1. etasje
62 m² Altan / terrasse
2. etasje
7 m² Altan

Uthus
Bruksareal fordelt på etasje
1. etasje
BRA-e: 17 m² Bod

Garasje
Bruksareal fordelt på etasje
1. etasje
BRA-e: 57 m² Garasje, arbeidsrom, bod

2. etasje
BRA-e: 22 m² To soverom, gang

Arealene er oppgitt av bygningssakkyndig på grunnlag av NS3940(2023).
Internt bruksareal (BRA-i) er areal innenfor boligens omsluttende vegger. Det er for eksempel stue, soverom, kjøkken, entré, bad, loftsrom, innvendig bod og ganger mellom disse. Dersom boligen består av en bruksenhet med flere selvstendige boenheter, skal de selvstendige boenhetene kategoriseres som BRA-i. Et eksempel på dette kan være en enebolig med adskilt utleieenhet.

Eksternt bruksareal (BRA-e) er for eksempel en ekstern bod, kjellerstue med egen inngang, gjesterom, tilleggsbygg eller andre rom som tilhører boenheten, men som ikke er direkte tilknyttet det interne arealet. Tilleggsbygg kan være for eksempel garasje, naust eller utvendig bod.

Innglasset balkong (BRA-b) er innglassede balkonger, verandaer og altaner som disponeres av boenheten.

Terrasse- og balkongareal (TBA) er arealet av terrasser, altaner, verandaer og åpne balkonger som er tilknyttet boenheten.

Boligens gulvareal (GUA) er boligens samlede gulvareal og areal med lav takhøyde ALH er areal uten krav til minste himlingshøyde.**Takstmann sine kommentarar til arealoppmåling**
Einebustad
Arealet er målt på plassen og tatt ved innvendige målingar etter NS 3940:2023+AC:2024 Areal- og volumberegninger av bygninger.

Uthus
Arealet er målt på plassen og tatt ved innvendige målingar etter NS 3940:2023+AC:2024 Areal- og volumberegninger av bygninger.

Garasje
Arealet er målt på plassen og tatt ved innvendige målingar etter NS 3940:2023+AC:2024 Areal- og volumberegninger av bygninger.

Antal soverom
4

Sjå elles informasjon under feltet "Innhald". Antal soverom er gjeve etter Forbrukartilsynet sine retningslinjer, og inkluderer kun soverom som er godkjent til varig opphald. Antal soverom som er oppgjeve av bygningskyndig i tilstandsrapporten er gjeve etter retningslinjene til takstbransjen, der det er den faktiske bruken av rommet på marknadsføringstidspunktet som er avgjerande. Bruken av rommet kan likevel vere i strid med byggtekniske forskrifter og/eller manglande godkjenning, bruksendringar til rom for varig opphald m.m. I dei tilfella det er opplysningar frå seljar og/eller kommunen om at rom ikkje er godkjent til varig opphald, vil årsaken til dette kome fram i salsoppgåva.

Antal bad
2

Moderniseringar og påkostingar
Følgjande moderniseringar er utført dei seinare åra:

2023:
- Montert luft-til-luft-varmepumpe i stove i 1. etasje

ca. 2004:
- Tilbygg til 1. etasje med vindfang og del av soverom

ca. 2003:
- Montert baderomsplater på veggar og ny innreiing på bad

Ukjent årstall:
- Oppgradert innmat i sikringsskap, ny kurs til komfyrtopp, montert lysarmatur på kjøkken og vaskerom samt elektrisk installasjon i garasje

Ifølgje eigenfråsegna til seljaren er følgjande arbeid utført:

2020–2021:
- Skifta vindauge på kjøkken, bad i 2. etasje og eit soverom i 2. etasje

2017:
- Montert nye toalett på begge bad

Takst og tilstand
Bygningskyndig
Tveit Takst v/ Peder Tveit
915 13 629

Type takst
Tilstandsrapport. Rapporten er datert 16.04.2026

Byggemåte
Informasjonen er henta frå vedlagte tilstandsrapport, datert 16.04.2026.

Bygning:
Einebustad oppført i 1996 (opplyst 1996/1997). Opphavleg bygning er av eldre dato, med fornyingar på tidleg 2000-tal. I 2004 vart det oppført tilbygg til 1. etasje med vindfang og del av soverom. Bygningen er fundamentert med grunnmur av betong og isolert betongplate på terreng. Byggegrunn er ikkje stadfesta, men er truleg planerte steinmassar. Ytterveggar er oppførte i bindingsverk av trevirke med inntil 150–200 mm isolasjon, utvendig vindtetting og liggande kledningsbord i tre. Etasjeskilje er av bjelkelag i trevirke. Utvendig er det støttemurar av betong og betongstein, samt steinmur med betongmur oppå lengst sør på tomta.

Tak:
Takkonstruksjonen er utforma som saltak med ei ark, oppbygd med takstolar av trevirke med inntil 150–200 mm isolasjon i ytterkonstruksjonar, lufta kneloft og etablert lufting ved raftepapp på undersida av berande undertak av trebord. Taktekkinga er av betongtakstein med berande undertak av bord i trevirke, truleg med papp oppå. Takrenner og nedløp er av plast, og det er metallbeslag, takstige av metall, pipeovertrekk av metall samt vindskier og loddbord i trevirke.

Pipe/Eldstad:
Eit pipeløp av lettklinkerelement med pussa overflater. Det er sotluke i gang i 1. etasje og lukka peisinnsats i stova.

Vindauge:
Vindauge med trekarm og tolags glas. Registrerte produksjonsår er 1995, 2009 og 2018.

Dører:
Ytterdører i trevirke, enkelte med vindaugsfelt. Altandører i trevirke med glasfelt og innvendige dører i trevirke.

Trapper/tilkomst:
Utvendige trapper til hageområde av betong. Innvendig trapp til 2. etasje i trevirke.

Balkong/terrasse:
Altan i 2. etasje med konstruksjon, dekke og rekkverk i trevirke, der beslag mellom bjelkelag dannar takoverbygg til underliggjande areal. Altan i 1. etasje med konstruksjon, dekke og rekkverk i trevirke.

VVS-installasjonar:
Vassrøyr av plast i røyr-i-røyr-system med fordelarskap på vaskerom. Trykktank for vatn og hovudstoppekran er plassert i bod. Avløpsrøyr av plast med lufting via vakuumventil på kneloft. Varmtvasstank på omlag 200 liter frå ca. 2015 er plassert i innebygd kasse på vaskerom.

Ventilasjon:
Bygningen har naturleg ventilasjon med ventilpunkt i vindaugskarmar. Det er periodisk avtrekk med avtrekksvifte i yttervegg frå bad på loft, samt avtrekksvifte montert over platetopp på kjøkken ført ut gjennom yttervegg.

Tekniske detaljar:
Luft-til-luft-varmepumpe montert i stove i 1. etasje (produksjonsår 2022).

Uthus: Uthus med støypt golv og ringmur av betong. Yttervegger av bindingsverk i trevirke med utvendig vindtetting og kledning av liggande bord i tre. Saltak av sperrer i tre med taktekking av metallplater. Ytterdør i tre og vindauge med trekarm og tolags glas. Byggeår 2021.

Garasje: Garasje fundamentert på planerte massar med grunnmur av betongstein og betonggolv mot grunn. Ytterveggar i bindingsverk av trevirke med utvendig vindtetting og liggande trekledning. Ytterkonstruksjonar er isolerte med unntak av ei bod i 1. etasje. Saltak med fagverkstakstolar i tre og betongtakstein. Persondør i trevirke, ledda garasjeport i metall og vindauge med trekarm og tolags glas. Innreidd loftsetasje med gang og to soverom. Synleg el-anlegg. Byggeår 2006.

Skjult elektrisk anlegg med automatiske sikringar, overspenningsvern og straumavlesar i sikringsskap på vaskerom. Med omsyn til anleggets alder og manglande kontroll i nyare tid tilrår takstingeniøren ein utvida el-kontroll utført av fagpersonell.

Alle bygningsdelar og installasjonar har avgrensa levetid. Konstruksjonane er bygd etter lov og forskrift som tek utgangspunkt i byggeåret og vil normalt ikkje tilfredsstille krava i dag. Med omsyn til den tekniske standarden på bygningane vert det vist til vedlagde tilstandsrapport fra takstmann Peder Johann Ness Tveit datert 16.04.2026, der enkelte bygningselementer har oppnådd tilstandsgrad 3 (TG3) og tilstandsgrad 2 (TG2). Interessentar vert oppmoda til å sette seg grundig inn i desse punkta samt eigenerklæringa som ligg ved salsoppgåva før det vert lagt inn bod på eigedomen. Meklar gjer elles merksam på kjøpar si undersøkingsplikt med heimel i avhendingslova.

Nedanfor finn ein ei kort oppsummering av det den bygningssakyndige har beskrive av avvik ved bustaden som har fått tilstandsgrad 2 (TG 2) eller 3 (TG 3) OG TG IU (Ikkje undersøkt).

TG3 med store eller alvorlege avvik:

- Innvendig - Pipe og ildsted | Det er påvist brennbart materiale nærmere enn 300 mm fra sotluke/feieluke. Ildfast plate mangler på gulvet under sotluke/feieluke på pipe. Konsekvens/ tiltak: Andre tiltak: Det bør monteres ildfast plate på gulvet under sotluke/feieluke, samt sørges for tilstrekkelig avstand til brennbart materiale, eventuelt montering av sotlukestein (må i tilfelle dokumenterast). Manglende tiltak kan medføre økt brannfare ved strålevarme, utfall av glør eller

varm aske.
Kostnadsestimat: 20 000 - 100 000

- Loft Bad - Generell | Våtrommet må oppgraderes for å tåle normal bruk etter dagens krav. Våtrom vil kunne nyttast ulikt, og få ulik belastning av konstruksjonar knytt til type og mengde bruk. Av alder og konstruksjonsoppbygging stettar ikkje badet dagens krav og forventningar til våtrom, og det vil med stor belasting/aktivt bruk kunne oppstå skader eller følgeskader. Konsekvens/tiltak: Andre tiltak: Manglende oppgradering av våtrommet medfører høy risiko for at konstruksjonene ikke vil tåle vanlig bruk av vann eller lekkasjer. Dette kan føre til fuktskader på tilstøtende konstruksjoner. Ved eigarskifte kan bruk av våtrommet bli endra. Ved auka bruk og fuktbelasting på eldre konstruksjonar i våtrommet, vil skader og følgeskader kunne oppstå. Totalrenovering av våtrommet, bygd og dokumentert etter dagens forskriftskrav, er derfor vurdert som naudsynt.
Kostnadsestimat: 200 000 - 500 000

- 1. Etasje Bad - Generell | Våtrommet må oppgraderes for å tåle normal bruk etter dagens krav. Våtrom vil kunne nyttast ulikt, og få ulik belastning av konstruksjonar knytt til type og mengde bruk. Av alder og konstruksjonsoppbygging stettar ikkje badet dagens krav og forventningar til våtrom, og det vil med stor belasting/aktivt bruk kunne oppstå skader eller følgeskader. Konsekvens/tiltak: Andre tiltak: Manglende oppgradering av våtrommet medfører høy risiko for at konstruksjonene ikke vil tåle vanlig bruk av vann eller lekkasjer. Selv om det er dusjkabinett, er det fortsatt en betydelig risiko for at våtrommets konstruksjoner ikke tåler lekkasjer. Dette kan føre til fuktskader på tilstøtende konstruksjoner. Ved eigarskifte kan bruk av våtrommet bli endra. Ved auka bruk og fuktbelasting på eldre konstruksjonar i våtrommet, vil skader og følgeskader kunne oppstå. Totalrenovering av våtrommet, bygd og dokumentert etter dagens forskriftskrav, er derfor vurdert som naudsynt.
Kostnadsestimat: 100 000 - 200 000

- 1. Etasje Vaskerom - Generell | Våtrommet må oppgraderes for å tåle normal bruk etter dagens krav. Våtrom vil kunne nyttast ulikt, og få ulik belastning av konstruksjonar knytt til type og mengde bruk. Av alder og konstruksjonsoppbygging stettar ikkje badet dagens krav og forventningar til våtrom, og det vil med stor belasting/aktivt bruk kunne oppstå skader eller følgeskader. Konsekvens/tiltak: Andre tiltak: Ved eigarskifte kan bruk av våtrommet bli endra. Ved auka bruk og fuktbelasting på eldre konstruksjonar i våtrommet, vil skader og følgeskader kunne oppstå. Totalrenovering av våtrommet, bygd og dokumentert etter dagens forskriftskrav, er derfor vurdert som naudsynt.
Kostnadsestimat: 100 000 - 200 000

- Tomteforhold - Terrengforhold | Terrenget faller inn mot bygningen og det er maksimale forhold for vann inn mot muren. Det er fall inn mot grunnmur til utebod. Konsekvens/tiltak: Andre tiltak: Generelt bør terreng rundt bygningar ha eit fall på 1:20, men minst 1:50 frå bygningen til ein avstand på minst 3 meter. Takvatn må førast vekk frå bygget. Terrenget bør justerast slik at det fell vekk frå bygningen for å redusere risikoen for vassinntrenging i bygningskonstruksjon, med potensielle fuktskader.
Kostnadsestimat: 100 000 - 200 000

TG2 med avvik som kan krevje tiltak:

- Utvendig > Taktekking: Mer enn halvparten av forventet brukstid er passert på taktekkingen og undertaket.

- Utvendig > Nedløp og beslag: Mer enn halvparten av forventet brukstid er passert på renner/nedløp/beslag, det mangler snøfangere, ender av vindskier flasser måling med tilløp til råteskader, og manglende dokumentasjon på tilkobling av nedløp i grunn.

- Utvendig > Veggkonstruksjon: Det er værslitt og oppsprukket trevirke/trepaneler på utvendige fasader.

- Utvendig > Takkonstruksjon/Loft: Det er ikkje etablert tilkomst til kaldloft over flat himling i 2.

etasje.

- Utvendig > Vinduer: Karmene er slitte med sprekker i trevirket (særlig mot vest og sør), og listverk holder ikke anbefalt avstand til beslag.

- Utvendig > Dører: Ytterdør til vaskerom er fuktskadet i nedre del, listverk mangler anbefalt klaring til beslag, og det mangler tetting/beslag under ytterdør ved inngangsparti.

- Utvendig > Balkonger, terrasser og rom under balkonger: Værslitte overflater og sprekker i trevirke med malingsflassing og enkelte bord med tilløp til råteskader.

- Innvendig > Innvendige trapper: Trappen har retningsavvik ved inntrinn, søyler til rekkverk er ute av lodd, og trappevangen har avvikende lengde/vinkel mot etasjeskillet.

- Innvendig > Innvendige dører: Det er påvist avvik som tilsier behov for justering eller utbedring på enkelte dører.

- Kjøkken > 1. etasje > Kjøkken > Overflater og innredning: Det mangler sokkel og en liten skuffefront under stekeovnen.

- Tekniske installasjoner > Vannledninger: Fordelerskap mangler avløp til rom med sluk.

- Tekniske installasjoner > Avløpsrør: Manglende tilfredsstillende stakemulighet, mer enn halvparten av forventet brukstid er passert, og lufting er løst med vakuumventil i stedet for føring over tak.

- Tomteforhold > Fuktsikring og drenering: Det er ukjent type, alder og løsning på drenering og tettesjikt på grunnmur.

- Tomteforhold > Utvendige vann- og avløpsledninger: Vannkvaliteten fra privat borehull er utilfredsstillende dokumentert da analyseresultat mangler.

- Tomteforhold > Septiktank: Det foreligger ingen dokumentasjon på septiktankens utførelse eller plassering.

Helse, miljø og sikkerhet:

Vurdering av avvik:
• Det er behov for at en kvalifisert elektrofaglig person kontrollerer det elektriske anlegget.
• Det er ikke foretatt radonmålinger, og bygget er heller ikke utført med radonsperre.
• Eiendommen ligger i et flomutsatt område i henhold til kommunedelsplan/NVE.
• Eiendommen ligger i et rasfarlig /skredutsatt område i henhold til kommunedelsplan/NVE.
• Rekkverket på balkong eller terrasse er for lavt i forhold til dagens krav.

Eigedommen er i kartblad for aktsomhet for Radon, merka moderat til lav aktsomhet. Kjelde: Norges Geologiske Undersøkelse

Konsekvens/tiltak
• Det bør gjennomføres radonmålinger.
• Innhent en kvalifisert elektrofaglig person for å kontrollere det elektriske anlegget.
• Det er ikke krav om utbedring av rekkverkshøyde opp til dagens forskriftskrav.

Rekkverket på balkong eller terrasse bør heves til dagens krav for å redusere risikoen for fallulykker.

Ved eventuelle tiltak på eigedommen, som til dømes tilbygg eller bruksendring, kan ein bli pålagt utgreiing av ras-/skredfare for eigedommen.

Aktsomhetskart og faresonekart brukes i forbindelse med arealplanlegging og

byggesaksbehandling. Landsdekkende aktsomhetskart for skred som finnes på NVEs nettsider, viser områder med potensiell fare der det må vises aktsomhet i forhold til skredfare. Disse kartene er grove oversiktskart som er ment å gi en første indikasjon på mulig skredfare. Dersom den planlagte bebyggelsen ligger innenfor aktsomhetsområder, må det utføres nærmere undersøkelser og utredning for å finne reell skredfare i henhold til kravene i byggteknisk forskrift. (Kilde: Direktoratet for Byggkvalitet, www.dibk.no)

Radonmålinger bør utføres, og eventuelle tiltak mot forhøyede radonverdier bør iverksettes. Manglende radonsperre og målinger gir økt risiko for helseskadelig innemiljø.

Det elektriske anlegget bør kontrolleres av kvalifisert elektrofaglig personell for å avdekke eventuelle feil eller mangler, da dette kan medføre brannfare eller personskade.

Oppsummeringa over er ikkje uttømmande, og du vert oppmoda til å lese og setje deg grundig inn i alt salsmateriell. For ordens skuld nemner vi at TGIU står for «tilstandsgrad ikkje undersøkt», til dømes fordi ein del av bygget ikkje har vore tilgjengeleg for inspeksjon. Desse delane kan dermed ha feil eller manglar som ikkje er avdekte.

Innbu og lausøyre
Bustadhuset vil ikkje bli ytterlegare rydda eller reingjort til overlevering. Dette gjeld også garasjeloftet.
Garasjen med boder, samt uthus vil bli rydda til overlevering.

Når ikkje anna er avtalt, blir eigedomen overdrege med innreiingar og utstyr som etter lov, forskrift eller anna offentleg vedtak skal følgje med, jf. avhendingslova. Det same gjeld varig innreiing og utstyr som anten er fastmontert eller er særskilt tilpassa bygningen. Lova inneheld inga detaljert oversikt over kva som er omfatta av «innreiing og utstyr», og over kva som skal reknast som «fastmontert eller særskilt tilpassa». Partane kan fritt avtale kva som skal følgje eigedomen ved sal. Bransjen si liste over lausøyre og tilbehøyr som skal følgje med eigedomen, er ein del av avtalen mellom kjøpar og seljar dersom ikkje anna er opplyst i salsoppgåva, kjøpar har teke atterhald i bod eller annan måte er inngått. Er ikkje anna avtalt, vil lausøyre og tilbehøyr følgje med slik dette kjem fram av avhendingslova og bransjen si tilbehøyrsliste teken inn i salsoppgåva.

Samandrag av seljar si eigenerklæring
Boligen selges med fullmakt.

- Det er lagt ny panel/ferdigmalte plater på stove, kjøkken, gang, loft og soverom, samt nye golv på stove og kjøkken nede, og på loftet.

Vet du om det er gjort arbeid på bad eller våtrom, enten av deg eller tidligere eier?
Ja.
Bad nede: innreiing, baderomspanel, dusjkabinett, i 2005, av noværande eigar. Toalett i 2017 av faglært. Bad oppe: byte av fliser på tre veggar, i 2006 av noværande eigar. Toalett i 2017 av faglært.
Utført av: Begge.
Tettesjikt, membran eller sluk fornyet eller oppgradert: Nei.

Vet du om det finnes dokumentasjon på hvordan bad eller vaskerom er bygget opp?
Ja.
- takst frå 2002
- tilstandsrapport frå 2026

Vet du om det er utført arbeid på tak, yttervegg, vindu, dører eller annen fasade, enten av deg eller tidligere eiere?
Ja.
- lite tilbygg med vindfang og utviding av soverom, 2005.
- terasse, 2003-2004.
- vindu på kjøkken, bad oppe, eit soverom oppe, 2020 - 2021

Utført av: Faglært.

Vet du om det er utført arbeid på garasje eller øvrige tilleggsbygninger av enten deg eller tidligere eiere?
Ja.
- garasje oppført 2006-2007 av byggmeister
- innreidd seinare av noværande eigar
Utført av: Begge.

Vet du om eiendommen har privat vannforsyning, vannbrønn, septiktank, pumpekum, avløpskvern eller lignende?
Ja.
- privat borevatn
- privat septiktank
Har du opplevd at dette er ustabilt: Nei.

Vet du om det er gjort arbeid på sentralfyr, radiator, ventilasjon, varmepumpe eller andre installasjoner, enten av deg eller tidligere eiere?
Ja.
- varmepumpe installert av faglært 16. mai 2023
Utført av: Faglært.

Vet du om det er gjort arbeid på det elektriske anlegget, enten av deg eller tidligere eiere?
Ja.
- på kjøkken, tilbygg og i garasje
- over ein periode frå 2007-2013
Utført av: Faglært.

Vet du om boligen eller eiendommen har blitt endret eller bygget ut etter opprinnelig byggeår, enten av deg eller tidligere eiere?
Ja.
Tilbygg, garasje, uthus, terrasse
Er tiltaket godkjent av kommunen: Ja.

Vet du om det er gjort radonmåling på eiendommen, enten av deg eller tidligere eiere?
Ja.
- radongodkjent i 2016 av Norsk radonrådgivning

Vet du om det finnes skaderapporter, tilstandsvurderinger, boligsalgsrapporter eller er utført målinger for boligen?
Ja.
- takst frå 2002
- tilstandsrapport frå 2026

Har boligen garasje eller øvrige tilleggsbygninger?
Ja.
- garasje og uthus

Vet du om det er gjort arbeid på eiendommen som ikke er nevnt i de andre spørsmålene?
Ja.
- oppgradert tun med mur av stein og gjerde av tre

Tomteforhold

Tomtetype
Eigd

Tomteareal
Tomtestorleik 1206 m²

Beskriving av tomta
Eigd tomt på 1 206 m². Tomta ligg i eit sørvendt, skrått terreng og er monaleg opparbeidd med planerte areal, plen samt diverse prydbuskar, frukttre og anna beplantning. Det er etablert støttemurar i betong, betongstein og naturstein mot over- og underliggjande terreng, med rekkverk av trevirke langs delar av murane. Utvendige trapper i betong fører ned til hageområdet. Tun og biloppstillingsplass er opparbeidd med grusdekke, og ved inngangspartiet er det lagt belegningsstein.

Parkering
Parkering i garasje med ledda port, samt på tun og biloppstillingsplass med grusdekke på eigen tomt.

Eigedomen

Eigarform
Eigd

Ferdigattest/bruksløyve
I følgje kommunen ligg det føre mellombels bruksløyve datert 18.02.1997, men ikkje ferdigattest. I tillatinga er det sett vilkår om at følgjande arbeid gjenstår: ventilasjon for bad og vaskerom, ferdigstilling av bad i loftsetasjen, og elektrisitet i loftsetasjen (bad og soverom). Arbeidet skulle ha vore fullført innan 21.04.1997. Etter plan- og bygningslova § 21-10 femte ledd blir det ikkje lenger utferda ferdigattest for tiltak det er søkt om før 01.01.1998. Dette inneber at byggverka kan brukast og omsetjast lovleg sjølv om ferdigattest ikkje ligg føre. Dette inneber likevel ikkje at ulovleg oppførte tiltak automatisk blir lovlege.

På nordsida av 1. etasje er det oppført eit tilbygg (vindfang og del av soverom, byggeår ca. 2004). Tilbygget inngår ikkje i dei godkjende byggeteikningane, og er ifølgje rekvirent ikkje omsøkt. Det føreligg ikkje dokumentasjon på at tilbygget er byggemeldt. Tilbygg av denne storleiken er normalt søknadspliktige tiltak.

Tilbygg er oppført utan byggjemelding til kommunen og utan at naudsynt godkjenning er gitt. Eigedomen blir seld slik han framstår, og seljar påtek seg ikkje noko ansvar for å byggjemelde eller få godkjent oppføringa i ettertid. Frå kommunen kan det kome reaksjonar ovanfor eigar, til dømes krav om riving, krav om omsøking, ilegging av overtredingsgebyr m.m.

Ulovleg oppførte tiltak kan kommunen framleis forfølgje og krevje omsøkte etter dagens regelverk. Frå kommunen kan det kome reaksjonar overfor ny eigar, som til dømes krav om omsøking, pålegg om opphøyr av bruk, ilegging av overtredingsgebyr eller andre pålegg. Dersom tiltaket avvik frå det som opphavleg er søkt om, kan kommunen krevje at gjeldande forskrifter og regelverk blir lagt til grunn ved ny søknad. Dette kan mellom anna innebere krav til takhøgd, lysflate, ventilasjon, rømningsveg, brannsikring, storleik på uteareal, tal på parkeringsplassar m.m.

Uavhengig av eventuell reaksjonsform frå kommunen, overtek kjøpar ansvar, risiko og konsekvensar knytte til dei nemnde forholda.

For garasje (byggeår 2006) ligg det føre godkjende byggeteikningar med kommunalt stempel datert 11.02.2005. Det er ikkje utferda ferdigattest for tiltaket.
Garasjen er i dag innreidd med opphaldsrom på loftet (gang og to soverom). Dette er eit avvik frå dei godkjende og byggemeldte teikningane, der det ikkje framgår at loftet skal innreiast til

opphaldsareal. Slik bruksendring er normalt søknadspliktig.

Frå kommunen kan det kome reaksjonar overfor ny eigar, ved til dømes krav om tilbakeføring eller krav om omsøking, ilegging av overtredingsgebyr og pålegg mv. Uavhengig av reaksjonsform frå kommunen, overtek kjøpar ansvar, risiko og eventuelle konsekvensar knytte til dette.

På eigedomen står det også eit frittståande uthus (byggeår 2021) på 17 m². Denne er heller ikkje søkt om eller godkjent hos kommunen.

Uavhengig av kva reaksjonsform kommunen måtte nytte, er dette kjøpar sitt ansvar og risiko sidan eigedomen blir seld slik han er.

Veg, vatn, avlaup

Vegen til eigedomen er offentleg til privat. Vatn- og avlaupsnettet er privat. Utgifter til drift og vedlikehald av dette må dekkjast eigar sjølv.

Tilkomst til offentleg veg går over eigedomen(e) gnr. 10, bnr. 3. Vegrett til eigedomen er tinglyst den 29.01.1996. Kopi av den tinglyste retten ligg ved salsoppgåva. Det må påreknast å betale kostnader til vedlikehald av veg og snøbrøyting.

Eigedomen har tilgang til vatn frå privat vasskjelde borehol. Vasskvalitet var sist sjekka i 2025, sjå vedlagt analyseresultet frå SunnLab i salsprospektet.

Eigedomen er tilknytt eigen septiktank (slamavskiljar på 4 m³) som ligg på gnr. 10, bnr. 3 med overløp til sjø. Det ligg føre kommunal tømmeavtale med tømming anna kvart år. Siste tømming var 26.06.2025.

Reguleringsplan

Eigedomen ligg i eit uregulert område, men området er i kommuneplanens arealdel avsett til LNFR-areal for spreidd bustad-, fritids- eller næringsbusetnad (framtidig).
Mot sør/vest for eigedomen er det eit område som i kommuneplanen er avsett til fritidsbebyggelse - fremtidig (F27), sjå vedlagt kart i salsprospektet.

Kommuneplanens arealdel fastset framtidig arealbruk for området, og er — etter kommunestyret sitt vedtak — bindande for nye tiltak eller utviding av eksisterande tiltak.
Det kan bety at det ikkje er tillate å gjenoppbyggje eigedomen ved totalskade, avhengig av kva arealformål som gjeld og korleis kommunen praktiserer plan- og bygningslova.

Eigedomen omfattast av Arealdelen av kommuneplanen (plan-ID 2014005), med ikrafttredelse 14.10.2015. Eit delareal på 1 206 m² er i planen avsett til LNFR-areal for spreidd bustad-, fritids- eller næringsbusetnad m.m., framtidig (områdenamn Yndestad).

Eigedomen ligg i eit LNFR-område (landbruks-, natur- og friluftsområde samt reindrift), jf. plan- og bygningslova § 11-7. LNFR-føremålet omfattar
a) areal for nødvendige tiltak for landbruk og gardsrelatert næringsverksemd, og
b) areal for spreidd bustad-, fritids- eller næringsbebyggelse.
Som hovudregel kan området ikkje utviklast med tanke på bustadbygging eller annan bebygging, ettersom det skal takast omsyn til mellom anna allemannsretten, naturvern, landbruksinteresser og friluftsliv. I LNFR-område kan det vere bygge- og deleforbod, og det er normalt lite sannsynleg at ein får godkjent bruksendring av eksisterande bygningar eller oppføring av nye bygningar i strid med hovudregelen.
I arealdelen av kommuneplanen kan det gå fram korleis LNFR-kategorien påverkar eigedomen. Reguleringa gjeld kommande tiltak; eksisterande bustader og fritidsbustader kan nyttast i tråd med tidlegare gjevne kommunale løyve, men LNFR-statusen kan få konsekvensar ved eventuell gjenreising, til dømes etter brann.
Oppføring av nye bustader i LNFR-område kan berre skje etter dispensasjon, eller dersom det er heimla i gjeldande reguleringsplan. Kontakt meklar for nærare informasjon.

Eigedomen vert råka av følgjande omsynssoner:
- Omsynssone H310_: Ras- og skredfare (delareal 1 206 m²)
På kart frå kommunen ligg heile/delar av eigedomen i eit område som er markert som faresone for ras og skred, til dømes steinsprang, steinskred, lausmasseskred, fjellskred eller snøskred. I slike område kan det gjelde forbod, bruksmessige avgrensingar og/eller krav om sikringstiltak, mellom anna i samband med byggetiltak, terrenginngrep eller andre arbeid i eller nær faresona.
For nærare informasjon om grunnforholda og aktuelt risikobilete for denne eigedomen, vert det rådd til å ta kontakt med kommunen eller Norges geotekniske institutt (NGI) — sjå www.ngi.no.

Kopi av situasjonskart, eigedomsrapport, reguleringsplanar med tilhøyrande føresegner m.m. ligg vedlagt i salsoppgåva eller kan fåast ved å vende seg til meklar. Interessentar vert oppmoda om å setje seg inn i desse dokumenta.

Radonmåling
Seljar har opplyst at eigedomen vart radongodkjend i 2016 av Norsk radonrådgivning.

Eigedomen er i kartblad for aktsamheit for radon merkt med moderat til låg aktsamheit ifølgje Norges geologiske undersøkelse (NGU).

Bygget er ikkje utført med radonsperre.

Hefte / rettar
På eigedomen er det tinglyst følgjande hefte og rettar som følgjer eigedomens matrikkel ved overskøyting til ny heimelshavar:

4645/10/21:
18.10.1920 - Dokumentnr: 900133 - Erklæring/avtale
Skjøte på rettighet
Rettshavar: Stockholms Superfosfat Aktiebolag
På forskjellige gruverettar
Gjeld denne registereininga med fleire
Overført frå: Knr: 4645 Gnr: 10 Bnr: 3

Eigedomen sine rettar:

29.01.1996 - Dokumentnr: 492 - Bestemmelse om veg
Rett heftar i: Knr: 4645 Gnr: 10 Bnr: 3
Rett heftar i: Knr: 4645 Gnr: 10 Bnr: 29
Føresegn om vatn/kloakkleidning
Med fleire føresegner
Gjeld denne registereininga med fleire

Eigar har rett til å føre veg fram til tomt, samt rett til å føre fram elektrisk straum. Eigar har òg rett til å kople seg på eksisterande kloakkrøyr som går til sjø, samt rett til å føre vatn fram til tomt.

Seljar ber risikoen for at kjøpar kan få tinglyst skøyte utan andre heftingar enn dei som det er avtalt at følgjer med i handelen.

Legalpant
Kommunen har legalpant for forfalne kommunale avgifter og ev. eigedomsskatt.

Eigar
Harald Magne Vilhelm Larsen
Gunvor Charlotte Larsen

Energi

Oppvarming

Varmepumpe og vedfyring. Luft-til-luft-varmepumpe og lukka peisinnsats i stova.

Dersom rom ikkje har vegg- eller fastmonterte varmekjelder ved vising, følgjer dette heller ikkje med.

Tilstandsrapporten beskriv den tekniske tilstanden til byggverket. Det er ikkje utført kontroll av dei elektriske installasjonane (el-takst) sjølv om bygningssakkunnig kan ha knytt kommentarar til el-anlegget ut frå heilt enkle vurderingskriterium.

Sidan el-anlegget ikkje er kontrollert, er det ikkje usannsynleg at det seinare kan bli avdekt avvik frå dagens forskriftskrav og oppstå funksjonssvikt. Vidare må kjøpar vere førebudd på at det kan måtte gjerast oppgraderingar på grunn av slitasje, manglande vedlikehald, arbeid som er utført av ufaglærte, alder eller tekniske løysingar som ikkje held dagens standard.

I Noreg er det ei av oppgåvene til «Det lokale eltilsynet» (DLE) å utføre tilsyn med elektriske anlegg i bustader og fritidsbustader. Alle bustader skal ha periodisk kontroll kvart 20. år, og hytter/fritidsbustader blir kontrollerte kvart 30. år. El-anlegget er ein bygningsdel som er gjenstand for konstant utvikling. Ein må difor rekne med at dagens anlegg ikkje nødvendigvis er dimensjonert for oppgradering av kjøkken med nye elektriske apparat eller rehabilitering av bad med varmekablar, samt installeringar for elbilladar.

Energimerking

Bokstad C, farge: lysegrønn.

Økonomi

Pris

Prisantydning	Kr 1 700 000,-
Kostnader	Kr 57 550,-
Total pris inkl. kostnader	Kr 1 757 550,-

Kostnader ved kjøp

1 700 000,00 (Prisantydning)

Omkostninger
13 700,00 (Boligkjøperforsikring - Help* (valgfritt))
42 500,00 (Dokumentavgift)
260,00 (Grunnboksutskrift)
545,00 (Tinglysing pantedokument)
545,00 (Tinglysing skøyte)
---
43 850,00 (Omkostninger totalt (uten Boligkjøperforsikring - Help))
57 550,00 (Omkostninger totalt (med Boligkjøperforsikring - Help))
---
1 743 850,00 (Totalpris inkl. omkostninger (uten Boligkjøperforsikring - Help))
1 757 550,00 (Totalpris inkl. omkostninger (med Boligkjøperforsikring - Help))

Kommunale avgifter

Kommunale avgifter: Kr 5 064 pr 2026
Dette inkluderer renovasjon, avlaupsavgifter og feiing. Den totale årlege kostnaden vil variere etter eige forbruk.

Renovasjon frå Sunnfjord Miljøverk har ein grunnpris på kr 4 200,- for 2026.

I tillegg kjem slamtømming frå Sunnfjord Miljøverk på kr 2 225,- i årsgebyr, som vert fakturert

separat.

Kommunale gebyr er ein kombinasjon av forskot, abonnement og enkeltgebyr fakturert etter levert teneste. Kommunen kjenner ikkje samla gebyr for ein eigedom for eit år før året er omme.

I tillegg kjem eigedomsskatt på kr 7 157,- for 2026.

Eigedomskatt
Kr 7 157 pr 2026
Eigedomsskatten utgjer 4 promille av eigedomsskattegrunnlaget på kr 1 789 200 i 2026.

Formuesverdi
Formuesverdi primær: Kr 639 218 for år 2024
Formuesverdi sekundær: Kr 2 556 871 for år 2024
Formuesverdien er henta frå Skatteetaten.

Formuesverdien er ein fastsett prosentdel av den berekna marknadsverdien. Den berekna marknadsverdien byggjer på opplysningar frå Statistisk sentralbyrå (SSB) om omsette bustader. I berekninga blir det teke omsyn til bustaden si plassering, areal, byggeår og bustadtype.

Det er eigaren av bustaden som fastset formuesverdien, men skattemyndigheitene kan kontrollere at verdien er sett korrekt. (Alternativt med lovheimel: Det er eigaren av bustaden som fastset formuesverdien, jf. skatteforvaltningslova § 9-1 første ledd, men skattemyndigheitene kan kontrollere at verdien er sett korrekt.)

Formuesverdi skal ikkje overstige:
Primærbustad: 25 % av berekna eller dokumentert marknadsverdi opp til kr. 10?000?000, og deretter 70 % av den overskytande marknadsverdien.
Sekundærbustad: 100 % av berekna eller dokumentert marknadsverdi.
Formuesverdiar som overstig desse grensene, kan krevjast nedjusterte av eigaren.

For meir informasjon, sjå skatteetaten.no.

TV/Internett/Breiband
Det er til kvar tid kjøpar sitt ansvar å gjere sine eigne undersøkingar vedrørande internett og TV-leverandørar. Ny eigar må sjølv sørgje for bestilling av dei tenestene ein ønskjer og sjølv dekkje kostnader ved dette.

Utleige
Tilgang til utleige
Bustad med éi bueining som fritt kan leigast ut i si heilskap. Delar av bustaden kan òg leigast ut, føresett at dette er ein del av den godkjende hovuddelen til bustaden med rom som er godkjende for varig opphald, og at den utleigde delen ikkje er fråskild som ei sjølvstendig bueining.

Vilkår og bestemmingar
Lovanvending
Eigedomen vert seld etter reglane i avhendingslova.

Salsoppgåva er basert på dei opplysningane seljar har gitt til bygningsakkyndig og meklar, samt opplysningar innhenta frå kommunen, Statens kartverk og andre tilgjengelege kjelder.

Eigedomen skal overleverast til kjøpar i tråd med det som er avtalt. Det er viktig at kjøpar set seg grundig inn i alle salsdokumenta, med dette salsoppgåve, tilstandsrapport og seljar si egenerklæring. Kjøpar vert sett på som kjent med forhold som er tydeleg beskrive i salsdokumenta. Forhold som er beskrive i salsdokumenta kan ikkje påberopast som manglar. Dette gjeld uavhengig av om kjøpar har lest dokumenta. Alle interessentar vert oppmoda til å

undersøkje eigedomen nøye, gjerne saman med fagkyndig før bod vert gjeve. Kjøpar som vel å kjøpe usett kan ikkje gjere gjeldande som mangel noko han burde blitt kjent med ved undersøkinga. Dersom det er behov for avklaringar, anbefalar vi at kjøpar rådfører seg med eigedomsmeklar eller ein bygningsakyndig før det vert lagt inn bod.

Dersom kjøpar ikkje er forbrukar seljast eigedomen «som den er», og seljar sitt ansvar er då avgrensa jf.§ 3-9 1. ledd 2. pkt. Informasjon om kjøpar si undersøkingsplikt, med dette oppmoding om å undersøkje eigedomen nøye, gjeld og for kjøparar som ikkje vert vurdert som forbrukarar.

På grunn av ulike avtalevilkår kan seljar vurdere bod frå ein som ikkje er forbrukar, ulikt frå ein forbrukar sitt bod. Dersom kjøpar ikkje er forbrukar, er seljar sitt mulege mangelsansvar avgrensa fordi eigedomen vert seld "som den er". Seljar kan ikkje ta «som den er» atterhald ovanfor ein forbrukarkjøpar. Sjølv eit lågare bod frå ein som ikkje er forbrukar kan foretrekkast fordi avgrensinga i muleg mangelsansvar kan ha eigenverdi for seljar. Seljar står fritt til å forkaste eller akseptere eitkvart bod, og pliktar til dømes ikkje å akseptere høgste bod.

Bodgjevarar får informasjon dersom andre bod er gjeve av ein som ikkje er forbrukar.

Forbrukarkjøp - definisjon:
Med forbrukarkjøp meinast kjøp av eigedom når kjøparen er ein fysisk person som ikkje hovudsakleg handlar som ledd i næringsverksemd.

Forbrukar - avtalevilkår:
Eigedomen har ein mangel dersom den ikkje er i samsvar med krava som følgjer av avtalen, eller det ligg føre brot på bestemmingane i avhendingslova §§ 3-2 til 3-8. Dersom eigedomen ikkje er i samsvar med det kjøparen må kunne vente ut frå alder, type og synleg tilstand, kan det vere grunnlag for mangelskrav. Det same gjeld dersom det er halde tilbake eller gitt urette opplysningar om eigedomen. Dette gjeld likevel berre dersom ein kan gå ut frå at det virka inn på avtalen at opplysningen ikkje vart gitt eller at feil urette opplysningar ikke blir retta i tide på ein tydeleg måte.

Ein bustad som har blitt brukt i ei viss tid, har vanlegvis blitt utsett for slitasje og skadar kan ha oppstått. Slik bruksslitasje må kjøpar rekne med, og det kan avdekkast enkelte forhold etter overtakinga som gjer det naudsynt med utbetringa utbedringar. Normal slitasje og skadar som gjer det naudsynt med utbetring, er innanfor kva kjøpar må vente og vil ikkje utgjere ein mangel.

Bustaden kan ha ein mangel etter avhendingslova § 3-3 dersom det er avvik mellom opplyst og faktisk innvendig areal, forutsett at avviket er på 2 % eller meir og minimum 1 kvm.

Ved berekning av eit eventuelt prisavslag eller erstatning må kjøpar sjølv dekke tap/kostnader opptil eit beløp på kr 10 000 (eigendel).

Ikkje - forbrukar (næringsdrivande) – definisjon:
Dersom kjøpar er ein juridisk person, eller ein fysisk person som hovudsakeleg handlar som ledd i næringsverksemnd, vil kjøpet ikkje bli sett på som eit forbrukarkjøp.

Ikkje - forbrukar – avtalevilkår:
Eigedomen har ein mangel dersom den ikkje er i samsvar med krava som følgjer av avtalen. Eigedomen vert seld «som den er», og seljar sitt ansvar utover det konkret avtalte er då avgrensa etter avhendingslova § 3-9, første ledd andre setning.

